



Søknad om dispensasjon frå spreiefrist – organiske gjødselvarer

Statsforvaltaren kan i særlege tilfelle og etter søknad, gje ein tidsavgrensa dispensasjon frå føresegnene i gjødselbrukforskrifta, jf. § 32, 2. ledd.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland sitt postmottak:

sfvlpost@statsforvalteren.no, med kopi til kommunen.

Søkjar	
Org.nr	Søknadsdato
Fornamn	Etternamn
Kommune	
Telefonnummer	E-post

Om søknaden	
Årsak til søknaden	
Dersom du har for lite lagerkapasitet (mindre enn 8mnd)	
Om lag kor mange m ³ har du kapasitet til i dag?	
Om lag kor mykje kapasitet manglar du for å klare 8mnd lager?	
Kva andre løysingar har du vurdert for å unngå haustspreiing (logistikk og lagerkapasitet)	
Mengde i m ³ du ønskjer å spreie	
Type gjødsel	
Kor tenker du å spreie? (ca. areal + teikne på kart og legge ved)	
Vurdering av risiko for avrenning (ved haustspreiing rår vi normalt til å halde 10 m avstand til vassdrag)	
Planlagd siste dato for spreieing	

Vedlegg som skal leggjast ved søknaden:

- Kart som viser kvar du har tenkt å spreie
- Oppdatert gjødslingsplan



Regelverk

Det er lov å spreie organiske gjødselvarer frå 1. mars til og med 15. september jf. § 15 punkt 4. *(til og med 2026 er det lov å spreie organiske gjødselvarer frå 15. februar til og med 15. september utan nedmolding. Jf. § 15).*

Det er ikkje tillat å spreie organiske gjødselvarer på snødekt eller frossen mark. Silopressaft kan spreiest fram til og med 15. september. Jf. § 15, 2. og 3. ledd.

Føretaket skal disponere tilstrekkeleg lagerkapasitet til at husdyrgjødsel kan bli lagra fram til spreining eller annan lovleg omsetting. Ein skal ha kapasitet til minimum åtte månaders eigen produksjon av husdyrgjødsel. Jf. § 11.

Spreining av gjødselvarer på innmarksbeite er berre lov når kommunen har godkjent beitet som spreieareal. Jf. § 17, 2. ledd.

Du kan berre få dispensasjon i særlege tilfelle. Det må derfor vere ein heilt spesiell situasjon som har oppstått, og vere noko du ikkje har rådd med. Jf. § 32, 2. ledd.

Ver klar over at dispensasjon ikkje kan bli gjeve dersom omsyna bak spreiefristen, eller formålet med gjødselbrukforskrifta blir vesentleg tilsidesett. Jf. § 32, 3. ledd.

I vurderinga av om ein kan gi dispensasjon, og på kva vilkår, blir det lagt vekt særleg vekt på konsekvens for vasskvalitet, helse, ressursutnytting og miljøforsvarleg forvaltning av jordsmonnet. Jf. § 32, 4. ledd.

Dersom ein hadde for lite lagerkapasitet då forskrifta blei innført, er det som ei overgangsordning i fire år (til og med 2028) høve til å spreie gjødsel med nedmolding fram til og med 1. november. Bruk av nedfellingsutstyr er tilrådd, og ikkje søknadspliktig. Jf. § 36, punkt 1. Gjødselspreining med harving og pløying utover hausten er dårleg agronomi og dårleg for miljøet. Då ønskjer vi heller at det blir søkt om dispensasjon frå fristen for spreining utan nedmolding.